

Jobbnorge-ID: 79718
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Fast stilling landskapsplanlegging / arkitektur

Høgskulen i Sogn og Fjordane søker førsteamanuensis / høgskulelektor i landskapsplanlegging / landskapsarkitektur i fast stilling med tilsetjing frå 1. mai 2012.

Arbeidsoppgåvene vil være knytt til undervisning i det engelskspråklege masterprogrammet "Landscape Planning" og det norskspråklege bachelorprogrammet "Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur". I masterprogrammet vil undervisninga omfatte "Ecological Landscape Planning and Design" og rettleiing av masteroppgåver. I bachelorprogrammet vil undervisninga vere knytt til planleggings- og landskapsarkitekturremne og rettleiing av bacheloroppgåver. Forsking- og utviklingsarbeid på problemstillingar med relevans for utdanningane ligg også i stillinga.

Kvalifikasjonar

Den som vert tilsett i stillinga må ha kompetanse til å undervise på masternivå.

Utdanningane har ein økologisk fagprofil. Vi ønskjer ein person med interesse for økologi og kunnskap om korleis økologiske prinsipp kan nyttast i landskapsplanlegging. Det er ønskeleg med kompetanse i bruk av geografiske informasjonssystem slik som ArcGIS og GIS-line.

Stillinga er knytt til Avdeling for ingeniør- og naturfag. Faggruppa i landskapsøkologi har to professorar, fem førsteamanuensar, to høgskulelektorar og to stipendiatar. Desse er ein del av eit fagmiljø på 25 tilsette. Ved tilsetjing vil det bli lagt vekt på erfaring og interesse for undervisning og forskning. Personen vi søker skal jobbe i fagteam og må ha gode sosiale evner og evne til samarbeid.

Tilsette utan formell pedagogisk utdanning og som ikkje kan dokumentere tilsvarende kvalifikasjonar, vert pålagt å gjennomføre kurs i pedagogikk i løpet av to år etter tilsetjing. Aktuelle søkjarar vil normalt bli kalla inn til intervju og for prøving av pedagogiske ferdigheiter. Ho/han pliktar seg til å delta i gjennomføringa av undervisningsopplegget etter gjeldande studieplan, og i arbeidet med å vidareutvikle fagområdet og undervisningsopplegget. Stillingsinnehavaren må rette seg etter dei vedtak om endringar som utviklinga av faget medfører, og organisatoriske endringar i høgskulen.

Den som vert tilsett, må kunne nytte både engelsk og norsk som undervisningsspråk. Det vert føresett at nyttilsette som ikkje har norsk som morsmål, kan dokumentere kunnskapar i norsk eller eit anna skandinavisk språk på linje med trinn tre i kurset "Norsk for Fremmedspråklige".

Det er ein føresetnad at den som vert tilsett i stillinga, buset seg slik at han/ho kan vere til stade ved og tilgjengeleg for institusjonen.

Ved fast tilsetjing i fagstilling vil søkjarane bli underlagt kvalifikasjonsbedømming av sakkunnig komité.

Tilsetjingsvilkår

Stillinga er lønna etter Statens lønsregulativ som førsteamanuensis eller høgskulelektor. Søkjarar med særskilte gode kvalifikasjonar kan bli plassert i ein høgare lønsstige. Høgskulen har tenestepensjon og frå brutto løn vert trekt lovfesta innskott til Statens pensjonskasse.

Tilsetjing skjer på dei vilkår som følgjer av Lov om statens tenestemenn og dei reglement som til ei kvar tid gjeld i høgskulen.

For nærare opplysningar om stillinga, kontakt professor Ingvild Austad (tlf. 57 67 62 30, e-post: ingvild.austad@hisf.no) eller dekan Helge Hustveit (tlf. 57 67 62 25, e-post: helge.hustveit@hisf.no).

Vi ber om at søknaden vert levert elektronisk ved å fylle ut søknadsskjemaet som du finn på denne sida. Vi ber også om at du gir opp referansar i søknaden.

Søknadsfrist: 15. januar 2012

Søkjarane sine kvalifikasjonar vert vurderte av eit sakkunnig utval. Søknaden skal gje eit fullstendig oversyn over utdanning og tidlegare praksis, liste over vitenskaplege arbeid, og vere vedlagt rettkjende kopiar av vitnemål og attestar. Søknad med vedlegg og vitenskaplege arbeid, alt i 3 komplette og sorterte eksemplar, skal sendast til Høgskulen i Sogn og Fjordane, boks 131, 6851. Merk konvoluttan *Søknad landskap*.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: